

## Inngangen til advent markert med lysmesse

04.12.2007



Uskedalen Kyrkje(Foto: Thor Inge Døssland)

Inngangen til adventstida vart markert med den årvisse lysmessa i Uskedal kyrkje søndag kveld. Kyrkja var om lag tre kvart full då soknepresten i Husnes, Jan Ove Totland, kyrkjelydsarbeidar Oddbjørg Heimark og dei 25 konfirmantane i kvite kapper bidrog til den rette adventsstemninga.



Foto: Erlend Moen

Konfirmantane var svært delaktige i den stilfulle gudstenesta. Det starta med inngangsprosjon, tekstlesing og lystenning. I innleiinga til presten si preike framførte dei pantomime medan Oddbjørg Heimark les preiketeksten, frå Luk. 4, 14-30.

Takkofferet denne adventssøndagen gjekk til bedehuset og oppussingsarbeidet der.



Foto: Erlend Moen

Det er eit rekordstort konfirmantkull dette året, heile 25 konfirmantar. Vi trur at dette kanskje er det største kullet som har vore i Uskedal kyrkje nokon sinne. Bilde frå jubileumsskriftet frå 2004 viser at det var 24 konfirmantar i 1933. Det er det største konfirmantkullet vi har registrert.

Thor Inge Døssland